



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksnr. NVE: 200906477-21
Ki/BASO
KASSERES ETTER BRUK

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201304978-8/344/STIOSE

Dykkar ref.:
NVE 200906477-5

Bergen, 03. oktober 2013

Miljateig - Skålnes Kraft As - Søknad om løyve til bygging av Miljateig Skålnes kraftverk i Etne kommune - Fråsegn Hordaland fylkeskommune

Me viser til brev dagsett 11. juni 2013 kor Hordaland fylkeskommune blir beden om å komma med fråsegn til Miljateig-Skålnes kraft AS sin søknad om løyve til å bygga Miljateig-Skålnes kraftverk i Etne kommune.

Saka vart handsama i Fylkesutvalet 25.09.2013, saksnummer 216/13 og følgjande vedtak vart fatta:

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurdera den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Det bør undersøkast om overføringa av Skålneselva kan gjerast med fullprofilbora tunnel for å unngå varige sår i landskapet i eit området opp mot sårbart høg fjell.
3. Det må gjerast vurderingar av minstevassføring for å sikra den raudlista kysttettmosen og den verdifulle naturtypen bekkekløft.
4. Det må gjerast vurderingar av om elvar og fossar som er synlege frå fjorden vert råka og endrar landskapsrommet.
5. Anleggsarbeidet må leggst utanom spillperioden til storfuglen og kvitspettryggen.
6. Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav om å vurdera samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Stina Ellevseth Oseland
Rådgjevar

Vedlegg:
Særutskrift
Saksframlegg

KASSERES ETTER BRUK

29KSN1 WVE



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201304978
Arkivnr. 344
Sakshandsamar Oseland, Stina Ellevseth

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	17.09.13	90/13
Fylkesutvalet	25.09.13	216/13

SØKNAD OM BYGGING AV MILJATEIG - SKÅLNES KRAFTVERK I ETNE KOMMUNE - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 17.09.13

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag på vegner av MDG og Rødt:

«Av omsyn til miljø og overordna nasjonale planar frarår kultur- og ressursutvalet / fylkesutvalet at det vert gjeve løyve til konsesjon for Miljateigen - Skålnes kraftverk i Etne»

Natalie Golis (R) sette fram slikt forslag:

«Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav til om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfall»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (R og MDG) og fall

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Golis sitt forslag fekk 5 røyster (MDG, R, og Ap) og fall. Forslaget kjem inn som protokollmerknad

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurdere den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Det bør undersøkast om overføringa av Skålneselva kan gjerast med fullprofilbora tunnel for å unngå varige sår i landskapet i eit området opp mot sårbart høgfjell.
3. Det må gjerast vurderingar av minstevassføring for å sikra den raudlista kysttettmosen og den verdifulle naturtypen bekkekløft.
4. Det må gjerast vurderingar av om elver og fossar som er synlege frå fjorden vert råka og endrar landskapsrommet.

5. Anleggsarbeidet må leggst utanom spillperioden til storfuglen og kvitspettryggen.

Protokollmerknad frå Natalie Golis:

Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav til om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.

Fylkesutvalet 25.09.13

Siri Klokkestuen sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.»

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

«Av omsyn til miljø og overordna nasjonale planar rår fylkesutvalet frå at det vert gjeve løyve til konsesjon for Miljateig-Skålnes kraftverk i Etne.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Klokkestuen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp).

VEDTAK

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurdere den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Det bør undersøkast om overføringa av Skålneselva kan gjerast med fullprofilbora tunnel for å unngå varige sår i landskapet i eit området opp mot sårbart høgfjell.
3. Det må gjerast vurderingar av minstevassføring for å sikra den raudlista kysttettmosen og den verdifulle naturtypen bekkekløft.
4. Det må gjerast vurderingar av om elvar og fossar som er synlege frå fjorden vert råka og endrar landskapsrommet.
5. Anleggsarbeidet må leggst utanom spillperioden til storfuglen og kvitspettryggen.
6. Naturmangfaldlova paragraf 10 set krav om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 30. september 2013

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



Arkivsak 201304978-4
Arkivnr. 344
Saksh. Stina Ellevseth Oseland og Tore Slinning

Saksgang

Kultur- og ressursutvalet
Fylkesutvalet

Møtedato

17.09.2013 - 18.09.2013
25.09.2013 - 26.09.2013

SØKNAD OM BYGGING AV MILJATEIG-SKÅLNES KRAFTVERK I ETNE KOMMUNE - FRÅSEGN

SAMANDRAG

Miljateig-Skålnes Kraftverk AS ønskjer å nytta fallet i Miljateigselva og Skålneselva i Etne kommune til kraftproduksjon. Dei planlegg to inntak og to overføringar av vatn. Total årsproduksjon vil verta om lag 19,5 GWh. Det er to bekkekløfter som vil verta påverka av tiltaket. Av omsyn til desse må ein vera føre-var i vurderinga av søknaden, og vurderer gode avbøtande tiltak. Tiltaksområdet ligg i utkanten av eit regionalt viktig friluftsområde, Etnefjella, og ein viktig inngang til dette området går like aust for dei planlagde inngrepa. Samla sett store inngrep i naturen endrar opplevinga av landskapet.

Det er langs Åkrafjorden planlagt mange nye kraftverk som samla gjer stor belastning på landskap og naturmangfald. Det er naudsynt at NVE vurderer fleire av desse søknadane samla for å ta omsyn til dei totale konsekvensane av tiltaka. Det store, urørte området i Etne- og Saudafjella må vera sentralt i vurderinga av dette og av dei andre tiltaka i området.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet ber NVE om å handsama dei tre kraftverka Miljateig-Skålnes, Ripelselva og Hetleflåt saman for å vurderer den totale påverknaden desse vil ha på friluftsliv, landskap og det store samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella, som er område av stor verdi.
2. Det bør undersøkast om overføringa av Skålneselva kan gjerast med fullprofilbora tunnel for å unngå varige sår i landskapet i eit området opp mot sårbart høgfjell.
3. Det må gjerast vurderingar av minstevassføring for å sikra den raudlista kysttettmosen og den verdifulle naturtypen bekkekløft.
4. Det må gjerast vurderingar av om elver og fossar som er synlege frå fjorden vert råka og endrar landskapsrommet.
5. Anleggsarbeidet må leggst utanom spillperioden til storfuglen og kvitspettryggen.



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann



Bård Sandal
Regionaldirektør


[Lenke til søknad med vedlegg hos NVE](#)

1. Prosjekt

Miljateig-Skålnes Kraftverk AS ønskjer å nytta fallet i Miljateigselva og Skålneselva i Etne kommune til kraftproduksjon. Dei vil ha to inntak, og to overføringar av vatn. Total årsproduksjon vil verta om lag 19,5 GWh. Samstundes med handsaming av dette kraftverket skal også Ripelselva kraftverk handsamast. Dei to tiltaka vil ha konsekvensar for det same fjellområdet og det er ein fordel å sjå desse to sakene i samanheng.

1.1. Områdeomtale

Tiltaksområdet er sør og sørvest for bygda Markhus i Etne kommune. Vassdraga drenerer til Åkrafjorden. Det er lite busetnad i området, og infrastruktur og busettinga ligg nedst langs fjordane, og det er også her dei fleste eksisterande inngrepa er. Bygda Markus ligg på eit platå eit stykke opp frå fjorden, og her er det i hovudsak eldre bustadar og mindre gardsbruk. Frå den private vegen opp til Markhus går det ein landbruksveg opp lia langs Miljateigsvassdraget og inn til tiltaksområdet.



Figur 1: Tiltaksområde


I fylkesdelplan for småkraftverk har Matre-Åkrafjorden delområde følgjande omtale:

Matre-Åkrafjorden delområde har stort potensial for småkraft. På nordsida av Åkrafjorden er det fleire område med urørt preg. Utbygging i desse områda kan føre til redusert omfang av inngrepsfri natur som går frå fjord til fjell i fylket. Utbygging på sørsida av Åkrafjorden kan føre til reduksjon i omfang av villmarksområde i Etnefjella. Området har fleire potensielt verdifulle bekkekløfter som må undersøkjast nærare ved utbyggingsplanar.

1.2. Prosjektskildring

Miljateig-Skålnes Kraftverk AS vil nytta fallet i Miljateigselva og Skålneselva. Kraftverket vil bli bygd med to hovudinntak, to røyratar og to turbinar. Det er planlagt eit inntak på kote 395 i Miljateigselva, der vassvegen vert grave ned heile vegen fram til kraftstasjonsplassering ved sjøen på kote 2,5. Det andre inntaket er planlagt på kote 440 i ei sidegrein til Miljateigselva. Skålneselva vert overført til Fjellbekken, og Fjellbekken vert ført over til inntaket i sidegreina til Miljateigselva. Frå dette inntaket går vatnet i fullprofilbora tunnel til kote 195. Det vert felles nedgrave røyratetrase for dei to vassvegane fram til kraftstasjonen ved sjøen. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 4,5 GWh og 14,5 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring ved hovudinntaka og overføringsinntaka. Det vil bli bygd veg fram til inntaket i Miljateigselva og

mellombels veg fram til det andre inntaket. I tillegg må det byggast veg frå E-134 og ned til tomte ved sjøen. Utbyggingspris er på om lag 2,56 kr/kWh.



Figur 2: Oversikt over inngrep (frå søknaden)

1.3. Alternative utbyggingsløyningar

Ein legg fram to alternative utbyggingsløyningar i søknaden. Den første er å berre ha eitt inntak, ved kote 220 der elvene møtast, og å overføra Skålnesselva, men lenger nede i elva. Produksjonen vert då halvert til om lag 9 GWh, men tapet av INON ut går.

Det andre forslaget er å bygga eit Y-inntak mellom Skålnesselva og tunnellinntaket, med inntak på omtrent same høgd, og med overføringsinntak ved kote 445 i Skålnesselva. Dette vil også gje mindre tap av INON. Dette er ei litt dyrare løyning, og vil ha ei litt usikrere drift.

Det er i søknaden elles lite informasjon om dei alternative løyningane og konsekvensar av desse versus konsekvensane av hovudalternativet. Ut frå kartet kan det sjå ut til at overføringa av Skålnesselva ved kote 680 er det som har størst påverknad for INON og landskapet. Dette skal byggast veglaust, men med eit røy som festast i fjellet på sida av Skålnessjuvet. Dette røyret vil verte om lag 600 meter langt. Her bør ein utgreie om denne overføringa kan gjerast med fullprofilbora tunnel for å unngå varige sår og synlege inngrep i naturen.

2. Verknad for natur og samfunn

For småkraftverk er det krav om at ein rapport om biologisk mangfald og hydrologi er lagt ved søknaden. Utover dette er det ikkje gjort faglege utgreiningar som del av søknaden. I det følgjande er dei viktigaste verknader for natur og samfunn presentert, som skildra i søknaden og den vedlagde rapporten om biologisk mangfald.

2.1. Kulturminne og kulturmiljø

Frå søknaden: *Det finnes ein del registrerte bygningsrestar i området som ligg i SEFRAK registeret. Desse bygningane eller bygningsrestane er ca. 180 år gamle, og tilstanden skiftar frå ruinar til godt*

vedlikehaldne stølshytter. Anleggsarbeidet kjem ikkje i direkte konflikt med desse, med unntak av ruin etter naust ved kraftstasjonstomta. Denne har på Askeladden id nr 12110016113. "ruin etter naust alder 183 år".

2.2. Landskap

Ifølgje søknaden er det lite typiske elvejuv og lite vegetasjon langs elveløpa. Grunnfjellet er næringsfattig og vert ofte overspylt under flaumar. Det siste stykket av røytraseen, frå Markhus og ned til sjøen, vil vera synleg frå fjorden, fram til den er revegetert. Vassdraget har ein del små fossar og bratte stryk, men det er ifølgje søknaden lite innsyn. Kraftstasjonen vert plassert ved sjøen og ein vil tilpassa design og utføring av denne slik at den passar best i strandsona.

Tiltaksområdet ligg i utkanten av eit område klassifisert som sårbart høgfjell av stor verdi i fylkesdelplan for små vasskraftverk og i eit område av fjordlandskap av middels verdi. Ifølgje søknaden «vil ein kun observere den nedste dela av røygata, samt kraftstasjonsområdet frå sjøen».

2.3. INON

Sone 2: område som ligg mellom 1 og 3 km frå næraste inngrep.

Sone 1: område som ligg mellom 3 og 5 km frå næraste inngrep.

Villmarksprega områder: områder som ligg lengre enn 5 km frå næraste inngrep.

Det er lite sone 1 og villmarksprega områder igjen i Hordaland. Områda i Etnefjella er det største av områda utanom verna naturområde, på om lag 12 km². Dette området får i den biologiske rapporten **stor verdi**. Inngrepet det her er søkt om vil føra til ein liten auke i sone 2, frå 159,8 km² til 160,4 km², og ein liten reduksjon i sone 1, frå 70,2 km² til 69,8 km². Den største endringa er for det villmarksprega området av stor verdi, frå 11,8 km² til 7,9 km², som utgjer ein reduksjon på 32 %. Dette vert vurdert til at tiltaket vil ha **stor negativ konsekvens** for tema INON.

Ifølgje søknaden tek ikkje denne berekninga omsyn til at det er gjeve konsesjonsfritak for utbygging av Visjer kraftverk. Desse to kraftverka vil samla stå for store endringar i INON, men reduksjonen i INON vil vera litt mindre for Miljateig-Skålsnes om Visjer kraftverk vert utbygd enn det tala over syner.

2.4. Biologisk mangfald

Det er registrert tre viktige førekomstar av biologisk mangfald som vil verta påverka av utbygginga. Ein raudlista mose, kysttettemose (VU), og to bekkekløfter. Den eine bekkekløfta ligg i nedre del av Miljateigselva og den andre i nedre del av Skålsneselva. Kysttettemosen er vurdert til middels-stor verdi, mens bekkekløfta i Miljateigselva middels verdi og den i Skålsneselva er gitt liten-middels verdi.

Kysttettemosen ligg langt nede ved fjorden og vil sannsynlegvis få vatn frå store delar av restfeltet. Tiltaket vil sannsynlegvis i nokon grad redusera førekomsten av arten eller forverra vekst- og levevilkåra, og verknaden vert difor vurdert til middels negativt.

Bekkekløfta i Miljateigselva er store delar utilgjengeleg med generelt bratte veggjar. Det finst mange små og større fossar og fossefall og i tilknytning til desse er det ein del fosserøyk. Dette gjer at lokalklimaet stadvis er svært fuktig. Vegetasjonen i bekkeløpet er sparsam. Bekkekløfta vert vurdert å ha eit visst potensial for funn av raudlista mosar og lav.

Bekkekløfta ved Skålsneselva har vesentleg fattigare vegetasjon enn den i Miljateigselva, med unntak av den nedste delen. Der er det fleire mosar som indikerer rikare berggrunn, mellom anna den raudlista kysttettemose (VU).

Det er både ask (NT) og alm (NT) i influensområdet, men begge er så vanlege at dei får verdi liten-middels.

Det finst også spel plass for storfugl og leveområde for kvitryggspett, og desse vil mest sannsynleg verta lite påverka av tiltaket om ein klarar å unngå anleggsarbeid i den aktive spilleperioden.

Ved Miljateig er det ei naturbeitemark som ikkje er nærare undersøkt. Den har fått verdivurdering middels, men dette kan endrast ved grundigare undersøkingar. Naturbeitemarka vert ikkje direkte rørt av planane, men kan verta påverka av anleggsarbeid.

2.5. Fisk

Det er registrert aure i høgareliggande vatn oppstraums dei aktuelle utbyggingsområda. Skålneselva drenerer frå Vierdalsvatnet som har ein aurebestand. Elvene er for bratte til å kunne ha fiskebestandar.

2.6. Friluftsliv

Fjellet over Markhus er mykje nytta til tur og friluftsliv. Delar av dette området, frå nede ved fjorden og opp i Etnefjella, er registrert som friluftsområde av stor verdi i fylkesdelplanen for småkraftverk. Ifølgje søknaden er tiltaksområdet eit stykke aust for stien som fører frå Øvre Markhus og til fjells.

Haugesund turistforeining opplyser (på telefon og e-post) at dei har ein merka tursti frå Øvre Markhus til Sandvasshytta. Den går like ved Miljateigselva. Sandvasshytta har om lag 1000 overnattingar i året. Kor mange av desse som kjem frå Markhus finst det ikkje statistikk på.

Stien frå Øvre Markhus er den viktigaste og mest nytta stien opp i Etnefjella langs Åkrafjorden. Friluftsrådet Vest og HT har nylig lagt til rette med nye P-plass på Øvre Markhus.

Det er også hjortejakt i området.

3. Vurdering

I det følgjande er dei planlagde tiltaka vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, ålmenne interesser. Hordaland fylkeskommune har vurdert tiltaket som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Hordaland fylkeskommune har vidare vedteke ein fylkesdelplan for små vasskraftverk som ligg til grunn for vurderingane.

3.1. Kulturminne og kulturmiljø

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i tiltaksområda og traseen for røyrgata. Nedre del av røytraseen går gjennom eit gamalt kulturlandskap kor det framleis kan vere uregistrerte kulturminne. Potensialet for nye funn blir likevel vurdert til ikkje å vere stort nok til å setje i verk vidare kulturhistoriske undersøkingar, men det er viktig at ein under opparbeidinga søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar og tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og viser til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

3.2. Landskap

Det er fleire og omfattande inngrep i landskapet knytt til denne utbygginga då det er to overføringar og to vassinntak. Det tel positivt at ein del av vassføringa vil skje i fullprofilbora tunnel, som ikkje gjev like tydelege sår i landskapet. Ei slik boring bør ein vurdere også for andre delar av tiltaket.

Tiltaksområdet ligg i eit område klassifisert som fjordlandskap av middels verdi, men det er ifølgje søknaden berre stasjonsområdet og den nedste delen av røyrgata som vil vera synleg frå fjorden. Det står ikkje noko om det er elver eller fossar som er synlege frå fjorden som vil verta betydeleg reduserte. Dette bør undersøkast og vurderingar av naudsynt minstevassføring må gjerast.

Området ligg også i utkanten av eit sårbart høg fjellsområde av stor verdi. Det er noko usikkert ut frå karta i kor stor grad inngrepa går direkte inn i det sårbare høg fjellet, men det er her naudsynt å gjera nærare undersøkingar og ta omsyn til området. Som nemnt i 1.3 bør ein av omsyn til landskap undersøka om overføringa av Skålneselva kan gjerast med fullprofilbora tunnel for å unngå varige sår og synlege inngrep i naturen.

R4 Sårbart høgfjell:

1. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere *restriktiv* med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.
Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.

Tiltaket går også ut over eit stort INON-område av både sone 1,2 og villmarkspreg.

3.3. Biologisk mangfald

Den raudlista kysttettmose (VU) vil ifølgje den biologiske rapporten truleg overleva ei utbygging, men rapporten understrekar også at «dette er en meget usikker vurdering.»

R5 Biologisk mangfald

1. Ein skal *vise varsemd* med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er "kritisk truga" (CR), "sterkt truga (EN)" eller "sårbar (VU)" på den norske raudlista.

Retningslina for biologisk mangfald om artar på raudlista er tydeleg på at ein her må vise varsemd. Det er difor naudsynt at det vert gjort vurderingar av minstevassføring av omsyn til kysttettmosen.

Av omsyn til bekkekløftene og artane som veks der må det vurderast høgare minstevassføring. Det er også naudsynt å planlegga anleggsarbeidet slik at ein unngår forstyrringar for storfuglane og kvitryggspetten i dei aktive spillperiodane.

Den ikkje-undersøkte naturbeitemarka må ein ta omsyn til og freista ikkje ha nærføring med under anleggsarbeidet. Det er ikkje gjort gode undersøkingar av området og ein kan dimed ikkje utelata at naturbeitemarka kan vera av endå høgare verdi enn den som er sett, og det er sentralt å vera føre-var.

3.4. Fisk

Tiltaket vil ikkje få vesentlege konsekvensar for fisk.

3.5. Friluftsliv

Turstien opp til Etnesfjella går like aust for tiltaksområdet, og vil nok ikkje verta direkte råka av tiltaket. Landskapet vil verta påverka, og dimed også opplevinga av det. For friluftsliv er det også viktig å sjå på den samla påverknaden av dei mange inngrepa i området. Etne- og Saudafjella er viktige tur- og naturområder og er verdsatt til stor verdi i fylkesdelplanen.


R7 Friluftsliv

1. Ein bør *vise varsemd* ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Som for landskap er det av omsyn til friluftsliv naudsynt å finna fram til den løysinga som gjev minst negative konsekvensar for opplevinga av eit viktig naturområde.

3.6. Samla vurdering

Det er viktig at NVE vurderer prosjektet saman med andre planlagde utbyggingar i dette området. Det er mange prosjekt som har søknader inne i området rundt Åkrafjorden. Eit av desse, Hetleflåt, var ute på høyring våren 2012. Samstundes med at Miljateig-Skålnes er på høyring, er også Ripelselva kraftverk ute på høyring. Som ein ser av kartet under ligg desse tre kraftverka tett og påverkar det same området, spesielt kva gjeld INON, landskap og friluftsliv. Desse burde vore handsama samstundes, slik ein gjorde med dei fire kraftverka i Rullestad-Skromme.



Figur 3: Oversikt over kraftutbyggingar og søkte tiltak i området.

Naturmangfaldlova § 10 set krav om å vurdere samla belastning på naturmangfaldet ved naturinngrep. Søkjar har ikkje lagt fram dokumentasjon som viser samla verknader på landskap og naturmangfald, med delvis unnatak for tema INON.

NVE skal i nær framtid slutthandsame fleire søknader om utbygging i området som har vore på høyring. Ein viktig konsekvens av utbygging av desse kraftverka er påverknaden på dei store, samanhengande naturområda i Etne- og Saudafjella og den regionale og nasjonale verdien desse har for friluftsliv og naturoppleving. Sikringa av dessa områda ved Åkrafjorden må prioriterast. Dei tre kraftverka vil påverka det same store INON-området av sone 1,2 og villmarkspreg. Det er difor nausynt at NVE handsamar desse sakene samla.

I vedtaket frå Rullestad-Skromme står følgjande: *Fylkesutvalet ber NVE sjå heilskapleg på utbyggingsplanar i Åkrafjorden og Fjæravassdraget slik at nettkostnader på ny omsøkt 66kV kraftlinje kan kostnadsdekkjast frå fleire prosjekt i området.* Fylkesutvalet har oppmoda om ei samla vurdering av desse kraftverka også tidlegare.

4. Oppsummering og tilråding

Dette tiltaket vil påverka ei bekkeløft av middels verdi, samt ein av liten verdi, og ein raudlista moseart. Av omsyn til desse må det vurderast minstevassføring som sikrar gode levevilkår. Dei viktige turområda i Etnefjella, som har ein sentral inngangsport ved Markhus, må sikrast. Det sårbare landskapet og opplevinga av at det er urørt (som også skildra i det store, samanhengande INON-området) må vega tungt i ei samla vurdering av dette og dei andre kraftverka det er søkt om i området.

